



Bård Terje Røyrvik  
Innstrandavegen 293  
5620 Tørvikbygd

Dato: 15.09.2014  
Vår ref.: 2014/19111-8  
Saksbehandlar: jannor  
Dykkar ref.: «REF»

## Søknad frå Røyrvik Kraftverk AS om løyve til bygging av Røyrvik Kraftverk i Kvam herad. Vedtak.

Vi syner til brev til NVE dagsett 23.07.08 der det vert søkt om konsesjon for bygging av Røyrvik Kraftverk.

Frå 01.01.2010 er det fylkeskommunen som har fått delegert myndighet frå Olje- og energidepartementet til å fatta vedtak i saker der det vert søkt om konsesjon til bygging av kraftverk under 1 MW. NVE gjer forarbeidet og skriv på bakgrunn av dette ei innstilling til Hordaland fylkeskommune.

Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 28.08.14 sak 194/14 og gjorde vedtak slik det går fram av saksprotokoll på s. 2. Saksutgreiinga vert send med e-post i eiga sending.

Hordaland fylkeskommune seier seg lei for at melding om vedtak kjem noko seint.

Jan Nordø  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## **Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 28.08.2014**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Etter ei heilskapleg vurdering av planane, dei innkomne uttalane og NVE si innstilling meiner Hordaland fylkeskommune ulempene ved bygging av Rørvik kraftverk er større enn fordelane. Kravet i vassressurslova § 25 er ikkje oppfylt.

Tiltaket tek ikkje godt nok omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i området og er såleis i strid med Hordaland fylkeskommune sine energimål i Klimaplan for Hordaland 2014-2030 og Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021.

Hordaland fylkeskommune avslår søknaden frå Rørvik Kraft AS om løyve til å byggja Rørvik kraftverk.